



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje




Sødorp kyrkje

KYRKJEBBLAD for NORD-FRON

Nr. 2 - Juni 2025 - årgang 70

THE COLORS OF THE RAINBOW, SO
PRETTY IN THE SKY
ARE ALSO ON THE FACES OF PEOPLE
GOING BY
I SEE FRIENDS SHAKING HANDS,
SAYING, "HOW DO YOU DO?"
THEY'RE REALLY SAYING, "I LOVE YOU"



INFORMASJON

www.nord-fron.kirken.no

Foto: Liv-Elin Aasmundstad.



TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor

Gateadresse: Nedregata 54, 2640 Vinstra
Postadresse: Nord-Fron kyrkjelege fellesråd. Nedregata 50, 2640 Nord-Fron

Kontortider:

Kl.: 09.00 - 13.00
Tlf.: 612 16 290

Sekretær:

Venke Helen Sletten Tlf: 612 16 290

Kyrkjeverje:

Morten Hagen Tlf: 612 16 292
Mob: 975 36 584

Sokneprest i Sødorp og Kvikne

Tiltre 1.9.2025

Sokneprest i Kvam og Skåbu

Benjamin Fjellheim Olsen
Mob.: 403 12 795. Tlf. 612 16 293

Diakon og kyrkjelydspedagog

Per Øyvind Fredin. Kontor: 612 26 272
Mob.: 401 65 789

Kyrkjemusikar:

Iren Falkenhaug
Mob.: 967 39 550

Organist:

40 % stilling ikke besatt

SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:

Kirsten Dina Leine. Mob.: 901 01 690

Kyrkjetenar/graver:

Frank Varpestuen. Mob. 456 06 026
Atle Kolloen. Mobil: 906 90 334

KVAM SOKN

Soknerådsleiar:

Torolf Hagen. Mob.: 976 85 912

Kyrkjetenar:

Svein Fredrik Kjærstad. Mob.: 908 45 584

KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:

Kristian Ekre. Mob.: 911 31 563

Kyrkjetenar:

Bernaldo Hartjes. Mob.: 452 36 474

SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:

Bente Varpestuen. Mob.: 906 27 850

Kyrkjetenar:

Bernaldo Hartjes. Mob.: 452 36 474

FAMILIERÅDGJEVING

Familievernkontoret, Otta
Storgt. 21, 2670 Otta
Tlf. 612 30 536

Redaktør, Kyrkjebladet

Kristin Hareide Vesteraas
Mobil: 991 53 857

Grafisk produksjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,
www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døypte

KVAM:

Sverre Rosten Killi
Luna Rudlandslokken Aase (døypt i Sør-Fron)

SØDORP:

Iver Kongslø
Simone Bakke Kåsen
Noah Myrvold
Solveig Eline Brandstad

KVAM:

Oda Østli Røysheim
Mie Tho Hansen



Vigde

SKÅBU:

Anna Maria Charlotte Sundqvist og
Jakob Pontus Zaar



KVAM:

Gunnvor Martha Hjellemo
Amund Randen (bisettelse)
Ragnhild Tangen
Solveig Båststoløkken
Torø Mork
Else Holten
Hjørdis Arnlaug Bergum
Gunnar Tore Stenseng

SØDORP:

Oddbjørg Marie Vaet
(rettelse fra forrige kyrkjeblad)
Anders Ivar Vaet
Oddbjørn Bakken
Berte Husom
Ellen Jorunn Olsen (bisettelse)
Ole Magnus Klypen
Bjørn Roger Bakken
Brynjulf Aartun (bisettelse)
Sigrun Kongslø (Bisettelse)
Jan Varpestuen

KVIKNE:

Vidar Løkken

SKÅBU:

Hans Rolstad
Karen Blekastad
Randi Marit Iverstuen Weiby



VIPPS TIL KYRKJEBLADET: 598171
(«VEL KATEGORI «GÅVE/KONTINGENT
KYRKJEBLADET»), 250KR FOR 4 NUMMER.
KONTONUMMER: 2095 49 59768

Kyrkjekontorets e-post-adresse: venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør: Kristin Hareide Vesteraas

Redaksjonskomité: Per Øyvind Fredin, Tone Berit Øyen (Kvam), Berit Tangvik (Sødorp),
Liv-Elin Aasmundstad (Kvikne), Bjørg Marit Hoel (Skåbu)

NESTE NUMMER

av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut i september 2025.

Frist for stoff: 31. august.

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59768

Kringle, musikk og Per Arne Dahl

Tekst og foto: Per Arne Vesteraas



Laurdag 5. april blei det arrangert ein konsert og føredrag i Skåbu kyrkje under overskrifta "Ord og tonar". Det var stor interesse for dette, slik at det måtte setjast opp to gonger på same kveld. Det var Per Arne Dahl, Simen Iverstuen, Skåbukoret og Mukampen Spelemannslag som sto for arrangementet.

Ved inngangen blei det servert kaffi og kringle – ein ny vri med kyrkjekaffi på førehand.

Per Arne Dahl (m.a. tidlegare biskop i Borg, stortingsprest og prest ved Modum Bad) innleia med å gå rett inn i dagens situasjon ved å vise til at vi er slitne av å være redde, redde for pandemiar, krig, uro og ei verd som blir meir uoversiktleg og kaotisk. Alle har ein skugge i tilværet: Sårbarheit. "Det er ikkje mogleg og leve utan å få skrubbsår eller utan å gi andre skrubbsår". Ved å erkjenne sårbarheita gir vi

rom for gjestfreiheita. Eit sitat frå Leonard Cohen gir eit viktig perspektiv på å være eit vanleg menneske: "Det finnes ein brest i oss alle der lyset kan kome inn". Det er gjennom vår utilstrekkelegheit og svakheit at gode ting kan skje.

Skåbukoret stilte med eit breitt og variert repertoar frå spirituals, folkemusikk og tradisjonelle korsongar. Det var lett å bli riven med av koret og dirigenten (Anne Mette Blekastad) sin songglede og glede over å formidle musikken sin. Dei drog også publikum med i allsong. Som vanleg skuffa Skåbukoret ikkje og ga alle ei flott musikalsk oppleving.

Simen Iverstuen Blekastad spelte J. S. Bach på orgelet i kyrkja med sikker musicalitet og stødige hender.

Mukampen Spelemannslag spelte lokal folkemusikk. Torger Iverstugun var gjennomgangsmelodien i deira del av konserten. Det var ei glede å få oppleve flott framførd lokal folkemusikk. Så gjekk ein over til ein felleseksjon for Mukampen og Skåbukoret. Denne blei avslutta med velsigninga. Som det vart sagt på slutten av arrangementet: "Kvífor gjer vi ikkje dette oftare?" Vi som var til stades takkar for ein flott ettermiddag og kveld.



Nord-Fron sin nye Kyrkjeverje

Tekst og foto: Per Øyvind Fredin

Vår nye kyrkjeverje, Morten Hagen, er opphavleg frå Ringebu, har jobba 18 år i Norges Røde Kors, vore ledar i Kirkens SOS, og har bakgrunn frå Forsvaret.



No har du vore kyrkjeverje her i Nord-Fron i ein og ein halv månad. Kva likar du med Kyrkja i Nord-Fron så langt?

- *Det er ei kort tid, men det eg likar så langt er at det er flotte kyrkjebygg, det er ein fin stab, kyrkjeterarane, folka på kontoret og prestane.*

Hagen har flytta heim til Gudbrandsdalen, og ønskja seg ein jobb i nærområdet. Kyrkja forbinder han med gode tradisjonar, og han har alltid vore glad i kyrkja.

Det er ein trygg stad å søkja seg til under sorg og fest, seier han. - Eg tenkjer på dei store festdagane som dåp, konfirmasjon og bryllaup, legg han til.

Kva kan kyrkja bety for folk her i Nord-Fron?

- *Eg ynskjer at kyrkja kunne vere ein enda synlegare aktør i lokalsamfunnet. Kyrkja kan bland anna vere aktuell arena for musikk og konserter.*

I Gudbrandsdalen er det ein stor dåps- og konfirmasjonstradisjon. Det gjeld også for Nord-Fron som har omtrent 5700 innbyggjarar. Her er det nærmere 100% som konfirmerer seg kyrklege ut av dei døypte. – Mindre samfunn er kanskje tettare knytt til kyrkja, seier Hagen. Han seier seg til ein viss grad einig i at den høge dåps- og konfirmasjonsraten kanskje er ein måte å vise tru på. - Trua varierer ettersom kvar ein oppheld seg i landet, legg han til.

Om vi ser på kyrkja – både nasjonalt og lokalt – er det noko vi kan gjere for å nå sterkare ut til marginaliserte?

- *Eg syns kyrkja er ein bra samfunnsaktør i forhold til minoritetar. Spesielt der eg jobba før også var det folk i sorg som søkte til kyrkja. Det er fint at kyrkja ikkje berre opnar opp for kyrklege handlingar, men også har matutdelingstilbod. Og at den er til stades på Sundheim med andakter, gudstenester og annan type aktivitetar. At kyrkje tek seg ekstra av konfirmantane, og tek dei med på leir – eg tenkjer at det er kjempeviktig at kyrkja har ein sånn samfunnsrolle.*

Forhold mellom bygg, menneske og økonomi

Å vere kyrkjeverje inneber og å følgje opp kyrkjebygga i Nord-Fron. Det krevst at vi som kyrkje passar på og held ved like våre kulturskattar. Men kyrkja skal dekke mange sider av livet – dåp, konfirmasjon, vigslar, gravferder, arbeid med barn og unge, det som er midt imellom, som diakoni.

- *Når flyktningar kjem til landet, og det er kriser og krig i verden, er det viktig at kyrkje er synleg. Sjølvsagt skal kulturskattane haldast ved like, men menneska er viktigare. Med kyrkja som institusjon, tenkjer eg at menneske er hovudfokus.*

Det er varsle ein generell meir krevjande kommuneøkonomi. Mesteparten av driftsmidlane våre får vi frå kommunen. Dette bekymrar Morten. Både med tenke på kyrkjebygg og kulturskattar, men endå meir menneska som søker seg til kyrkja. Og kanskje mest med tanke på utsette grupper blant anna.

- *Eg håpar og trur at politikarane evner å prioritere det gode arbeidet kyrkja gjer, seier han til slutt.*

Kyrkja er ein arena der det blir formidla tru. Men kyrkja jobbar også på andre sider i lokalsamfunnet. Her er folk aktive på dugnader, det arbeidast med å syne barn og unge kva kyrkja handlar om, og det er diakonalt arbeid retta mot grupper i alle aldrar. Eit sterkt motiv for diakonien, kyrkja si omsorgsteneste, er å nå ut til marginaliserte grupper. Hensikta er ikkje å misjonera, men å syna at kyrkja bryr seg, same kven du er. Og diakonalt arbeid kan og berøre folk, akkurat som ord i kyrkja.

Kyrkjegardsdugnadar

Tekst og foto: Per Øyvind Fredin



Leif Aspeslåen, brødrene Brendstuen og Egil Myhre

KVAM

Dugnadsanda lev i Kvam på gråvårsdagen onsdag 23. april. Det er kanskje ikkje så mange på dugnaden i Kvam i år som i fjor, men nokon startar tidlegare med ryddinga enn oppsett tid (frå kl. 10:00 til 15:00), får eg høyre frå dugnadsfolket. Folk har eit inntrykk av at det er utgangspunktet er ryddig. Kyrkjetenar Svein Fredrik Kjæstad får mykje av skylda (skryt) for dette. Hausten 2024 blei det også høgd trær her – noko som vil sørge for mindre nedfallslauv på bakken i åra framover.

Folk kjem også frå Sjoa og Vinstra for å vere med på dugnad i Kvam. Det er fordi dei har tilhøyring til Kvam og har gravstader dei vedlikehald her. Nokon jobbar i lag, andre individuelt. Og så møtes alle til kaffi og «biteti», som soknerådet står for.

Leif Aspeslåen og to brør; Brendstuen rettar opp ei gravstøtte som etter vinteren har kome på skakke.



Leif Aspeslåen og brødrene Brendstuen



To kjente kvamværer på Kvam kyrkjegard
(fra venstre): Rolf Moen og Arne Næprud

SØDROP KAPELL

På kyrkjegarden ved Sødrop kapell møter ca. 20 stykk opp. Det er ganske ryddig når dognadsfolket er på plass her ein onsdag ettermiddag som dette. - Gode oppsamlarar og godt forarbeid sørger for det, seier tidlegare kyrkjetenar, Anders Stø.



Else Marie Solberg med rive foran Sødrop kapell

Else Marie er her for tredje år på rad. Ho som andre føler seg driven til å rydde her no som ho har gravstad å passe på. Minner etter viktige og nære relasjoner har mykje å seie for folk. Og folk ønskjer å gjere ein innsats. Ho fortel om fine og ryddige kyrkjegardar her i Nord-Fron, og at dei kanskje skil seg ut på ein positiv måte. Så fortel ho om eit tilfeldig møte med tidlegare sokneprest i Nord-Fron, Kjartan Ruset (1946-2023) - ei lita historie som handlar om det å bli attkjend. Kjartan hadde stort nettverk og kom i kontakt med mange folk i alle samanhengar, likevel kjende han att folk og tok seg tid til ein prat som betydd mykje.

SØDROP KYRKJE

Det er ca. 20 dognadsarbeidarar ved kyrkja i Sødrop 24. april, dagen etter. Trioen Lodvar Sandbakken, Bjørn og Jorunn Berget er inne på kyrkjegarden og klare for kaffi. Vi snakkar litt saman om kva som er grunnen for å vere med på dognad? For det er ulike motiv for å vere med. Å gjere ein innsats saman gjer jobben lettare. Så kjem det resultat. Så er det sosialt og ikkje minst minnene knytt til nære relasjoner som har gått bort, nemner dei. På kyrkjegarden lev minna vidare.

KVIKNE

Neste kyrkjegardsdognad i Nord-Fron er ein ettermiddag i Kvikne den 6. mai. Mellom 15 og 20 har tatt turen hit i dag. Nokon er naboar til kyrkjegarden.

I Kvikne har kyrkjetenar Ben gjort ein stor innsats på kyrkjegarden. Og han er tydeleg stolt over arbeidet han legg ned her. Noko han har all grunn til. Dognadsfolket nærmast finpussar det siste som er



F.v.: Jorunn Berget, Lodvar Sandbakken og Bjørn Berget

igjen med river og sekkar – sekkar som Ben har tatt med. Det nærmar seg snart 17. mai, og konfirmasjonen står snart for dør. Då må det være fint! Etter innsats set ein pris på at soknerådsleiar, Kristian Ekre kjem med kringle. Den er frå NOA (eit arbeids- og aktivitetssenter med tilrettelagte arbeidsplassar på Vinstra), seier han. Dognaden avsluttast med kaffi og kringle i Kvikne kyrkestugu.



Dognadsfolket

SKÅBU

Det er omlag 40 tilstade på dognad på frigjeringsdagen 8. mai, i Skåbu, Nord-Europas høgste fjellbygd. Ben, kyrkjetenar, syns det var spesielt godt å få fjerna grus frå kyrkjegarden her. Det skal vera trygt å gå på kyrkjegardane om vinteren. I løpet av vinteren måtte han strø mykje grunna store endringar i temperaturen i Skåbu.

Etter å ha besøkt dei fem kyrkjegardane i Nord-Fron denne våren vil eg legge til at det kan vera ein fordel å ha god tid når man er på dognad, og kanskje vere pensjonist! Men ingen regel utan unntak.

Stor takk til alle som har delteke på dognader i Nord-Fron denne våren!



Marit og Petter Sylte på kyrkjegarden i Kvikne

Intervju med Marit Håkenstad

Teks og foto: Per Øyvind Fredin. Foto: Marit Håkenstad



Kyrkjeterar Ben, Marit Håkenstad og Ole Petter Dahle (Per Øyvind Fredin)

Eg møtte Marit Håkenstad på Skåbu kyrkjegard 8. mai i samanheng med dugnaden der. Den same dagen var det 80 år sidan frigjerdingsdagen i 1945. Marit fortel at ho tek vare på og vedlikehald grava til Leif Klæboe. Under krigen segla han på havet. Han var født i Honningsvåg i 1910. Og etter krigen slo krigsseglaren seg ned ved Ner-Åkre.

Marit har ei unik interesse for krigsseglaren som ho møtte i oppveksten. Det spørst om Marit hadde vore så interessert i Leif og historia hans, om ho ikkje hadde møtt han. I Fronsbygdin kan vi lese at Marit møtte Leif i oppveksten, og at ho i ettertid har undra seg over korleis livet hans har vore, og kva som gjorde at han slo seg ved Ner-Åkre. Ho og far hennar hadde vore på besøk hjå Leif. Han gjorde inntrykk. Han budde aleine, og hadde alt på stell. Han serverte dei mat, og hadde og ei gåve til Marit. Det var ei eske som inneheldt eit eksotisk antrekk med skjørt, bluse, smykkar, veske og handvifte. Praten gjekk rundt bordet, men krigen vart ikkje nemnt. Vi kan førestille oss at dette var eit sårt samtaletema for folk. Krigen hadde vore ei sterk påkjenning og var eit sensitivt tema i etterkrigsåra. Vi veit at sjøfolk om bord på handelsfartøy som gjekk i konvoi, levde under eit umenneskeleg press. 3700 norske sjøfolk mistalivet under 2.verdskrig.

Mykje kan seiast om historia til Klæboe. Marit har gjort grundig arbeid når ho forska seg fram om han i Krigsseiler-registeret. Han tenestegjorde som 1. Styrmann, 2. Styrmann og telegrafist på ulike båtar under krigen. Tenesta fekk han ut på farlege vatr. Vi kan berre tenkje oss korleis det var for Leif å vera på sjøen då. Det var ein tid då folk levde i frykt, og spesielt var dette påkjenning for dei som var i internasjonale farvatn. Det var mange norske krigsseglarar som falt. Klæboe var ein av dei som overlevde. Men krigen sette spor. Etter krigen busette han seg perifert frå andre folk. Han trengte ro. Her bygde han seg ein heim som han budde i fram til sin død.

Leif budde ikkje åleine heile livet. Leif og kona Wickie gifta seg i 1943. Dei vart seinare separert. Men Wickie hadde ikkje gløymd Leif. Og via Røde Kors/Frelsesarmeene fann ho att Leif i Skåbu.

Klæboe døydde på Sundheim 16.03-1975 og vart gravlagt attmed Skåbu kyrkje 22.03-1975. Wickie vart buande i Skåbu til slutten av 1980 talet. Då flytta ho attende til USA.

Dei to fekk ingen etterkommarar. Likevel hugsar nokon på Leif. På 8. mai Frigjerdingsdagen, og 80 år sidan frigjeringa heidra Marit hans minne. Ho markerte med å sette opp flagg på grava hans. Minnearbeid er viktig for eigen identitet, vår kultur, vår historie, men og med tanke på respekt. Vi skal verdsetje våre heltar. Krigen og innsatsen heltane gjorde under krigen er ein sentral del av vår historie. Og nasjonsbygginga etterpå. Leif Klæboe vart tildelt krigsmedaljen, post mortem, for sin innsats som krigsseglar, 1.juli 1981 – 6 år etter sin død.

Kilder

Skurdal, E., Paulsrud, G. (2024) Fronsbygdin 2024. Lillehammer: Fron historielag



Grava til
Leif Klæboe
(Marit Håkenstad)

Matutdelinga – eit fordomsfritt diakonalt tilbod

Teks og foto: Per Øyvind Fredin.



F. h.: Diakon, Per Øyvind, Geir, Heidi og leder i diakoniutvalet i Kyrkja i Nord-Fron, Per Arne Vesteraas

Paret Geir og Heidi opplev matutdelinga på Vinstra som eit viktig tilbod, og eit nødvendig bidrag for å få kvarдagen til å gå rundt. På utdelinga opplev Heidi og Geir å bli møtt med respekt av oss som engasjerer oss, anten det er frivillige eller tilsette i kyrkja. Dei to oppdaga tilboden på Vinstra hausten 2023, seier dei i møte med oss. Til å begynne med var det litt vanskeleg å møte opp på utdelinga. Vi som er knytta til innsatsen her i Nord-Fron har sett det som nødvendig å skape openheit om at det er dyrt å leve. Fleire og fleire opplever å være på fattigdomsgrensa eller under grensa. Leiar av diakoniutvalet i kyrkja i Nord-Fron, Per Arne Vesteraas, og diakonen, Per Øyvind Fredin, har vore i dei lokale media (avisene GD og Dølen og Gudbrandsdalsradioen) fleire gonger, anten med frivillige eller brukare som villig stiller opp.

«Uten mat og drikke, duger helten ikke». Per Arne er heilt sentral i arbeidet, utan han hadde det ikkje vore nokon utdeling. Saman med sin familie, andre frivillige og diakonen får dei hjula til å gå rundt. Per Arne drar anten aleine eller saman med nokon (diakonen) til Matsentralen for å hente

mat. Innsatsen er avhengig av middel. Kyrkja i Nord-Fron har ein veldig god støttespelar i Ødegaardens Bakeri som gir brød. Elles har kyrkjelydane i Nord-Fron det lokale diakonale arbeidet på gudstenestene sin offerliste. Og vi kunne nemnd fleire bidragsytarar som er bedrifter i nærmiljøet, og privatpersonar.

Geir og Heidi er med tida blitt viktige støttespelarar for utdelinga. I intervju kjem dei med innspel: kva om vi kunne hatt eit Vippsnummer? Vi opplyser om at dette har vi, men at det kanskje kunne vore meir synleggjort.

Kyrkja i Nord-Fron har også ein sterk støttespelar i aktivitetshuset Elvekanten på Vinstra. Å ha utveksling i samtale med brukarar og andre aktørar gir tilboden ein dimensjon av samskaping.


Heidi og Geir fortel om kva erfaringar dei har gjort seg med utdelinga. Dessverre opplev paret framleis fordommar rundt det at dei bruker utdelinga. Dei håpar at folk skal vise forståing for dei og at dei bruker tilboden. Det kostar å leve i dag. Mat er dyrt, seier Heidi. Det var heller ikkje så lett i byrjinga å

forhalda seg til køa med folk, og sniking, som dei kallar det. Da har deira viktige attendemeldingar og innspel vore viktige å ta på alvor. Vi som jobbar med utdelinga får vita at det vi gjer er bra, men attendemeldingane som utviklar tilboden er kanskje like viktige. Diakonen i Nord-Fron har i samarbeid med frivillige, laga eit påmeldingssystem som gjer det mogleg å forhandsmelde seg på utdelinga, anten via digital nettskjema eller på telefon. Brukarar og frivillige deler så om utdelinga på sine sosiale mediaplatfomer så fleire blir klar over når det er utdeling. Bortsett frå opplevingar knytt til fordommar, er generelt sett folk positive til at Geir og Heidi spreier ordet om utdelinga. Folk responderer med omtanke og hjarter på sosiale media når dei deler, seier dei to til oss. Respondentane er både folk som går på utdelinga, og folk som støttar saken.

Det er stabilt oppmøte. Utdelinga på Vinstra starta i førjulstida 2022, og har sidan den gong halde kontinuiteten oppe. Men likevel er det delte meiningar om tilboden. Nokon meiner at det ikkje skal vere nødvendig med matutdeling i Noreg, eller på Vinstra i 2025. Likevel har vi valt å behalde tilboden her i Nord-Fron.

Det bur omtrent 5700 innbyggjarar i kommunen. Mellom 50 og 60 møter opp ein gong i månaden. Det vil seie at ca. 1% av innbyggjarane i Nord-Fron nytter seg av tilboden. Desse hentar igjen for familie og relasjonar dei har, og då blir det mellom 90 og 120 individ som får utdelt mat.

Kyrkja og kristne har sidan urkyrkjas spede byrjing gitt menneske ånd og inspirasjon til å dele med kvarandre. Skal ikkje ein av verdas eldste institusjonar framleis vere synleg, og syna at den er her? Jo, meiner vi i Kyrkja i Nord-Fron.



2023		
Dato	Måned	Antall
	Januar	
12.	Februar	30
29.	Mars	30
	April	
16.	Mai	45
	Juni	
	Juli	
	August	
29.	September	50
26.	Oktober	67
23.	November	62
14.	Desember	60
Sum for 2023		374
Gjennomsnitt:		49

2024		
Dato	Måned	Antall
26.	Januar	43
23.	Februar	44
22.	Mars	48
26.	April	71
16.	Mai	48
	Juni	
	Juli	
23.	August	40
20.	September	47
18.	Oktober	53
15.	November	72
13.	Desember	60
Sum for 2024		526
Gjennomsnitt:		53

2025		
Dato	Måned	Antall
17.	Januar	49
14.	Februar	41
14.	Mars	50
11.	april	56
9.	mai	53



Neste matutdeling på Vinstra blir offentliggjort på kyrkja sin nettside og Facebook-side Kyrkja i Nord-Fron. Du kan støtte utdelinga ved å Vippse til: **Kyrkjekontoret, Vinstra: 598171**, og velge kategorien Pengegåve Matutdeling, eller ved å skanne Qr-koden.

Skaparverkstad i Kvam

Teks og foto: Per Øyvind Fredin.



Kvelden måndag 10. mars var det samla 6-åringar, sysken og foreldre i Kvam kyrkje til kreativt skaparverkstad. Tema var skaparverket, dåp, nytt liv og skulestart. Med andre ord vart store tema gjennomgått på. Å bruka kvelden til dette vert og ein motsats til å sitje bak skjermen. Det er ikkje lenger slik at borna bankar på døra til kvarandre, får eg høre ei mor fortel til meg. Pandemien kan nok ta noko av skylda. Og då treng vi gode og trygge møteplassar. Kyrkja kan vera ein plass der folk kan bygge og oppretthalde nettverk. Men heilt sentralt er kyrkja ein plass for å uttrykke og få høre om trua vi har med oss. Det å våge å uttrykke tru på det som er større enn ein sjølv er og ein måte å kommunisere på. Det kan opne opp eit rom. Eit rom for både born og vaksne. Eit rom som vi ikkje kan sjå, og ikkje heilt ut kan forstå. Vi kan godt kalla det og for Kyrkja.

Kven har skapt blomane, fuglane, stjernene og deg og meg?

Teks og foto: Per Øyvind Fredin.




Ingen 4-åring trengte å finna opp krutet 30. april. Det har Gud sørga for, men å så plantar frå Hans skaparverk, det fekk dei til. I år som i 2024 arrangerte Nord-Fron bibliotek og Kyrkja i Nord-Fron 4-årssamling der temaet var planter, såing og skaparverket.

Sarah på biblioteket fortalte frå ei bok, og fekk barna med i dialog. Det var fint å sjå barnas nysgjerrigkeit når dei snakka om frø, planter, og andre viktige ting i livet. Andre delen av samlinga var i Sødorp kyrkjestugu. Og ingen samling utan songen *Kven har skapt alle blomane?* - songen som oppsummerar skaparverket på 1-2-3.

Per Øyvind leia i songen. Så sådde 4-åringane og foreldre frø i potter, vatna dei, og fekk med seg heim etter samling.



Barnas



PRIKK TIL PRIKK

Teikn ein strek frå prikk til prikk. Kva skjuler seg her?

FINN FEM FEIL

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?




Teikning: TREVOR KEEN



KRYSSTORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjå bibel.no



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta fra bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



– Doktor, eg trur eg treng briller.
– Det trur eg på!
For du er ikkje hos legen, du er på McDonald's.

Vitsar
Kvifor har reven pels?
Svar: Den vil ikkje gå i berre underbuksa.



Søndagsskolen - mer enn du tror

Gratulerer årets konfirmanter!

Konfirmantar i Kvam kyrkje 24. mai 2025



1. rekke fra venstre: Mari Davidhaugen Svendstad, Marie Slettkolloen Nilsen, Anette Lillebo, Madelen Randheim Hansen, Aurora Moen Næprud og Rebecca Alhovik Øybrekken

2. rekke fra venstre: Mats Nordlien Holten, Sture Hanslien, Sokneprest Benjamin Fjellheim Olsen, Amun Myrhaugen og Aslak Henden

Konfirmantar i Kvikne kyrkje 31. mai 2025



Fra venstre: Åsmund Vaterland, Halvor Masseng, sokneprest Benjamin Fjellheim Olsen, June Aurora Berget og Isabella Nichita Sletten.

Gratulerer årets konfirmanter!

Konfirmantar i Skåbu kyrkje 8. juni 2025



Fra venstre: Anna Sletten, Sokneprest Benjamin Fjellheim Olsen og Erika Hoel

Konfirmantar i Søndorp kyrkje 10. mai 2025



1.rekkje: Lea Brenden, Christine Kristiansen Kaltrud, Silje Marie Kongsli Stenseng, Sigrid Nitter Ellefsrud, prest Jens Petter Ous, kyrkjeverje Grete Bakken, Maja Tarud, Mathilda Brubak Nedrebø, Juliane Roven Martinsheimen, Anna Elise Grytingslien.

2.rekkje: Solvår Storbråten, Vilde Ekre Heimlund, Tomine Olette Giverhaug, Enola Pauline Solli, Johanne Sundstuen Frøyse, Sanna Marie Solbraa, Aleksandra Moe Gjørn, Alma Kari-Sofie Wasmuth Gustavsson, Mina Hytten Bekkum, Jessica Roselind Fat Dammen

3.rekkje: Axel Erik Stø, Leon Kåsen, Ola Stigen, Max Mikael Rustbakken 4.rekkje: Torger Haugen, Mathias Byrbotten Bortne, Martinus Skurdal Nordgård, Sigurd Byrløkken

5.rekkje: Minre Jordalsløkken, Lars Kristian Tokvam, Noah Moen-Rønningen, Lars Daniel Løkken

Givande Olav Aasmundstad-kveld i Kvikne

Tekst og foto: Arne Skuterud

I år er det 100 år sidan læraren og kulturmannen Olav Aasmundstad frå Kvikne døydde. Dette 100-årsminnet vart markert med kulturveld i Kvikne kyrkje og Borg museum torsdag 5. juni. Nesten 100 møtte til ein variert og givande kveld med musikk, allsong og foredrag.



Det vart «stinn brakke» i Borg.

Kvelden starta i det vesle museet Borg, der Olav Aasmundstad budde dei siste 13 åra av livet. Her fortalte Ola Masseng Sylte om Aasmundstad sin oppvekst og slekt i Kvikne, hans siste år i bygda og om huset Borg og det rike og interessante interiøret der. Dette står i dag slik det stod da Aasmundstad budde i huset. Det var svært trøngt om plassen for alle dei som ville høre denne orienteringa.

Forsamlinga flyttet derfor til kyrkja der det vart servert kaffi og kringle, før Arne Skuterud ynskte velkommen på vegner av Fron mållag og Fron historielag. Roger Slåstuen på fele og Geir Thorud på trekkspel spela så fem leikar av Torger Iverstugun og andre frå Kvikne og Skåbu, mens Kristian Ekre fortalte historia om Kvikne kyrkje frå 1763 og det store restaureringsarbeidet som no snart er fullført. Han framheva særleg det solide tømmerarbeidet som Per Korberget stod for, det flotte treskjerarbeidet som Estin Kjørn utførte og den vakre fargesettinga gjort av Ragnvald Einbu.

Hovudforedraget for kvelden vart halde av Rasmus Stauri. Han fortalte om Olav Aasmundstad sitt liv som lærar i språk, historie, sløyd og kroppsøving fleire stader i landet, særleg på Vonheim i Gausdal og Møre folkehøgskule i Ørsta. Han plasserte livet til Aasmundstad på ein fin måte inn i den omskiftande tida han levde i med store omveltingar i teknikk, samfunn og politikk, og der den Grundtvigianske opplysningsstanken stod sterkt.

Kvelden vart avslutta med vakker song og musikk (gitar og kontrabass) av Camilla Granlien. Ho song folketonar av Kristian Åsmundstad, som var nevø av Olav, og av Per Åsmundstad. Camilla leia også allsongen da heile forsamlinga stemte i med tre gode nynorske salmar.

Heilt til slutt overraska Edvin Espelund frå Heidal forsamlinga med ei lita bok med dikt av treskjeraren Estin Kjørn. Denne boka hadde Olav Aasmundstad vore på leit etter i Heidal for godt over 100 år sidan, men først no kunne Espelund fortelje korleis boka var koment til rette og var i hans eige.



Ola Masseng Sylte fortalte om Olav Aasmundstad i Kvikne og om Borg museum.



Kristian Ekre fortalte om Kvikne kyrkje.



Rasmus Stauri heldt hovedforedraget om Olav Aasmundstad.



Camilla Granlien avslutta kvelden med vakre tonar etter Kristian Åsmundstad.

Vårkonsert i Kvam

Den 23.mai inviterte Kvam musikkforening til Vårkonsert i musikkpaviljongen i Kvam. Musikkforeininga i Kvam hadde også invitert andre musikkforeiningar til å delta, både Lalm, Vågå og Heidal ville vere med.

Å arrangere utandørskonsert i mai kan vera ein risikosport når det gjeld vær. Akkurat denne fredagen i mai, var det svært kaldt og vått. Det freista ikkje å vere ute. Kanskje ein kunne bruke kyrkja?

Kyrkja var ledig og same dag vart arrangementet bestemt at skulle flyttast dit. Kyrkjetenar, Svein

Fredrik, stilte velvillig opp, og kyrkja vart fylt opp av fire musikkorps, publikum og damer frå sanitetslaget som ordna med kaffi og «biteti».

Eit skikkeleg fint arrangement vart det, med mykje fin musikk, humor og samhald.



Damene frå sanitetslaget, Randi og Gunn

Etter konserten vart det rydda for å gjøre det fint att, slik at kyrkja var klar for konfirmasjon neste dag.



Her er det Heidal musikkforening som spelar med Kvam sin dirigent på trommer



Her er det Lalm musikkforening

Masterkonsert med Simen Iverstuen Blekastad

onsdag 4. juni

Tekst og foto: Unni Bøyum Kluge




Frå intense øvingar på orgelkrakken i Skåbu kyrkje, via ei lang utdanning og kantorstilling på Lillehammer, til sjølvaste Oslo Domkyrkje og masterkonsert!

Skåbus eigen Simen Iverstuen Blekastad har nådd eit stor mål! Og vi som fekk oppleve eksamenskonserten, om aldri så kunnskapslause om slik musikk,

blei ei stor oppleving rikare. Tema for konserten var J.S. Bach og hans samtidige, og tonane greip oss frå første stund; frå kraftige, nesten valdsame verk, til lette, mjuke tonar som flaut rundt øyrene.

Å ha domkyrkjas skjønnhet framfor auga og Simens musikk i øyrene, det blei ein fantastisk time som vi ber med oss! Langvarig applaus, blomsteroverrekking og gode ord blei eit lite og velfortent punktum frå takknemlege tilhøyrarar!




The poster for UNG25 features logos for KFUM, BEN NORSKE KIRKE, and HEKTA. The title 'UNG25' is prominently displayed in large white letters. Below it, the theme 'Tema: Fellesskap og samarbeid' and location 'Jorekstad' are mentioned, along with the dates 'Fredag 7.nov-søndag 9.nov'. At the bottom, there is a decorative illustration of various symbols like crosses, a sun, and leaves.

i din lokale kyrkjelyd, men og for deg som er nysgjerrig og ønskjer å oppleve ei helg med fokus på fellesskap, opplevingar og tru.

Kva skjer på UNG25? Leiren har eit variert program. Fredagskveld vert det konsert med August Saxegaard, kjend frå URØRT. Du får og vere med på blant anna spennande seminarer der du lærar meir om deg sjølv og fellesskapet, ulike aktivitetar og workshops, kampkveld, tensing-konsert, biblestudies, Taizebøn

og val av nytt ungdomsråd. Leiren avsluttast med ei stemningsfull gudsteneste. På leiren møter du ungdomsrådet i Hamar bispedøme, tilsette frå kyrkjelydane og organisasjonane KFUK-KFUM Innlandet og Hekta, frivillige, foredragshaldarar og sjølvsagt mange andre ungdommar og unge vaksne. Følg med på ungdomsing.no for meir informasjon og påmelding på nettet (skann qr-koden). Vi gleder oss til å bli kjent med deg!

UNG25 er for alle. Har du spørsmål eller behov for tilretteleiring? Ta gjerne kontakt med prosjektleiar for UNG25, kateket Kine Elise Østerud 416 14 682 / e-post: ko564@kirken.no.



Din lokale kyrkjelydspedagog, Per Øyvind kan og svare på spørsmål knytt leiren, mobil: 401 65 789 / e-post: per.fredin@nordfron.kommune.no

Dette arbeider vi med i soknerådet

Frå Kvam sokn

PROSEJONSKORS

Kvam Sokneråd ynskjer å gå til innkjøp av eit prosesjonskors til kyrkja, og har bede Kari Aasgård frå Vågå om å teikne eit utkast med element henta både frå kyrkja slik ho er i dag og frå gamlekyrkja som brann i 1940.

GRAVMINNESTAVIT

Det er også sett ned ei arbeidsgruppe som er i gang med å planlegge å få sett opp eit gravminnestativ. Arbeidet er dugnadsbaserert og ein har fått lovna om gratis materialar frå private gjevarar.

SETERMESSE

Setermessa i sommar blir på Brekksetra på Gravdalens hos Hege Elida Aasveen og Stian Stø Dørum den 20. juli kl. 12.00.



Soknerådsleiar Torolf Hagen



**Sommerfest på
Dale-Gudbrands Gard
Torsdag 3. juli kl. 12.00.**

Vi inviterer personer med demens og pårørende i Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron til spekemat og rømmegrøt med «noggo attåt». Sang og underholdning med Liv og Nils. Loddrekning. **Hjertelig velkommen !**

Påmelding innen mandag 30.juni:
SMS til 975 92921 eller
E-post: beritwangen@icloud.com

Arr. Nasjonalforeningen for folkehelsen
Midt-Gudbrandsdal demensforening ved
Liv Jorunn, Anne Helga, Tove, Grethe, Elise og Berit

Din lokalbank er tilgjengelig
når du trenger det!

SpareBank 1
GUDBRANDSDAL

Bank
Eiendom
Regnskap

JOBE
GRAVSTEINSERVICE AS

- Innskriftsjoner
- Oppussing
- Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.
Raskt tilbake. Mobil: 412 56 304
Epost: post@jobegravsteinservice.no

Vi takker alle våre sponsorer.
Ønsker du som bedrift annonse
i kyrkjebladet, kan du ta kontakt
med kyrkjekontoret

FRON BYGG



OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR – HUS OG HYTTER
LOMOVEGEN 9 – 2640 VINSTRA
Tlf. 61 21 60 00 – POST@BAKKENBYGG.NO



SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.
Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter
for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-

Tlf.: 612 94 551 / Mob: 482 65 181



Tlf. 971 88 621



Vinstra Begravelsesbyrå AS
Lise Veikleengen, 99 58 29 43
Nina S. Veikleengen, 94 83 25 40
Døgnvakt!

TOYOTA
db DOKKEN BIL A-S
Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
<http://vinstra.toyota.no> - E-mail: post.vinstra@toyota.no

BRØDRENE KROK
Salg & Service
HIKOKI

SENTRUMS
HJØRNET

Elvevegen 2 – Kvam. 906 39 181

REMA
1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00



Alt innen vask og rengjøring
Nedregata 58, 2640 Vinstra
Mobil: 948 49 807

Fron Traktor Service
2640 VINSTRA
Tlf. 61 29 24 60

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.

Sanitær • Vannbåren • Varme • Varmepumpe



Hundorp
Rørleggerservice AS
Nedregate 22, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 49 90
E-post: post@hundorpror.no

www.hundorpror.no



Peer Gynt
KJØPESENTER
www.peergyntsenter.no

Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

Catering

til alle livets anledninger.

Vi leverer smakfulle retter til dåp, konfirmasjon, bryllup og minnestund.

Se meny og bestill direkte på:
engelcatering.no

Ta gjerne kontakt med egne ønsker:
mob: 9110 2530
engelbrev@gmail.com



Gulvlegging - Glassverksted - Blikkverksted - Utleie

WEIKLE

Tlf 9005 4040 - post@weikle.no
www.weikle.as



Tlf 915 75 074

Vi hjelper deg med blomster til
begravelse og andre anledninger



Nedregata 60, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 20 10

PEER GYNT CATERING

Vi leverer selskapsmaten til ditt arrangement på hytta eller jobben

Peer Gynt Catering AS
Øvregate 23
2640 Vinstra
Mob: 971 96 733
Epost: kjetil@peergyntcatering.no
www.peergyntcatering.no



Tlf. 47 68 22 27



48 90 95 00



www.dg-trykk.no

2635 Tretten

tlf. 61 27 73 50

GUDSTENESTER I NORD-FRON 2025

DAG/DATO/TXT	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
2.s i treeiningstida 22.juni Joh 3,1-13	19:00 Kapellet Kveldsmesse. Nattverd		11:00 Høgmesse. Nattverd	
3.s i treeiningstida 29.juni Mark 10,13-16	Ingen gudstenester i Nord-Fron (Konfirmantleir – frihelg)			
4.si treeiningstida 6.juli Matt 9,35-38		19:00 Kveldsmesse. Nattverd		12:00 Bakkestugu Friluftsmesse
5.s i treeiningstida 13.juli Matt 18,12-18	12:00 Fagerli Sætermesse.		19:00 Kveldsmesse. Nattverd	
Aposteldagen 20.juli Mark 3,13-19	19:00 Kyrkja Kveldsmesse. Nattverd	12:00 Kvamsfjellet Sætermesse.		
7.s i treeiningstida 27.juli Mark 5,25-34	Ingen gudstenester i Nord-Fron			
Olsok 29.juli Luk 22,24-27	20:00 Bygdatunet Olsokmesse	18:00 Kvam kapell Olsokmesse. Nattverd		
8.s i treeiningstida 3.august Mark 12,28-34	11:30 Sundheim Høgmesse. Nattverd			19:00 Kveldsmesse. Nattverd
9.s i treeiningstida 10.august Luk 5,36-42	19:00 Kyrkja Kveldsmesse. Nattverd		12:00 Breistulen (Ekre) Sætermesse.	
10.s i treeiningstida 17.august Mark 11,25-26		11:00 Høgmesse m/nattv Konfirmantpresentasjon		
11.s i treeiningstida 24.august Joh 8,31-36	11:00 Kyrkja Konfirmantjubileum			19:00 Konfirmantpres. Kveldsmesse med nattverd Benjamin Fjellheim Olsen
12.s i treeiningstida 31.august Joh 4,27-30.39-43		11:00 Konfirmantjubileum Benjamin Fjellheim Olsen	11:00 Konfirmantjubileum	
13.s i treeiningstida 7.september Joh 15,13-17	11:00 Kyrkja Høgmesse m/ Nattverd. Konfirmantpres.			
Vingardssøndag 14.september Matt 19,27-30		17:00 Hausttakkefest. Nattverd Benjamin Fjellheim Olsen		11:00 Hausttakkefest. Nattverd Benjamin Fjellheim Olsen
15.s i treeiningstida 21.september Joh 15,9-12	17:00 Kapellet Hausttakkefest. Nattverd		11:00 Hausttakkefest. Nattverd	
16.s i treeiningstida 28.september Matt 11,16-19	17:00 Kyrkja Eftasmesse. Nattverd	11:00 Høgmesse. Nattverd Benjamin Fjellheim Olsen		
17.s i treeiningstida 5.oktober Mark 5,35-43	11:30 Sundheim Høgmesse. Nattverd Benjamin Fjellheim Olsen			11:00 Konfirmantjubileum Benjamin Fjellheim Olsen
18.s i treeiningstida 12.oktober Mark 1,40-45			11:00 Høgmesse m/nattverd Konfirmantpresentasjon	

Det kan koma endringer på gudstenester så fylg med på plakatar, annonser i GD, facebook kyrkja i Nord-Fron samt Heimesida til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd.



www.dg-trykk.no

God sommar!

KYRKJA I NORD-FRON
er på Facebook! Sjå Kirka Nord-Fron

